




## Månadsbrev november 2024

Oktober gjekk fort, men nå er både foreldremøta og møte i FAU gjennomført, og både småskulen og mellomtrinnet har hatt haustsamling. 24. oktober markerte me SN-dag med flagheising, informasjon om både House of Bahati og ARO/ArcAid Kenya og kvifor me treng SN. 1.-2. klasse lærte korleis ein lagar animasjonsfilm og dei "er ikke redd", korkje for mørkret eller skumle filmar.

Ingenting skjedde med leikeplassen i haustferien, men nå er ei basketballkorg, ballstativ og karusellen montert medan elevane hadde fri og alle tilsette var på personaltur. Jippi! Og me har ein plan for dekket under fuglereirdissa òg i haust.

Attende på skulen i november skal som sagt 10. klasse på hospitering på Dalane vgs. 6. november, medan 8.-10. har arbeidslivstrening med innlagt OD-dag 7. og 8. november. Oda har allereie hatt sin OD-dag på Sinnes, og kjem att på arbeidslivstrening 7.-8. november. I år som i fjar vil elevane på Sinnes samla inn pengar til Home of Bahati. Det er berre å spørja kva pengane går til, for dei har fått grundig innføring av Nina Ousdal.



Torsdag 14. november har 8.-9. klasse ansvar for morgonsamlinga, og 3.-7. klasse får besøk av forfattaren Ørjan Zazzera Johansen i 3. time. Han er frå Bryne, har m.a. skrive bok om Erling (Braut Haaland) og er ein del av Nynorskstafetten i svært tett samarbeid med Nynorsksenteret, Nynorsk kultursentrum (Aasentunet) og nynorskkommunane (LNK). Det går i eitt, for 15. november får mellomtrinnet besøk av ArtVenture i Den kulturelle skulesekken. Då skal elevane "skape et kunstverk (eit landskapsmotiv) både med hendene og med kunstig intelligens" saman med Simon Fredland. [ArtVenture 24-25 | Agder DKS](#) Heile tida les 1.-7. klasse bøker for å sanka sider i Norli sin lesekonkurranse, medan ungdomstrinnet les og skriv bokmeldingar til Uprisen. I tillegg kan de sjå at elevane på Sinnes, dvs. [superlesere reddet Trollheimboka fra en brå slutt på](#) på Norli.



I veke 46 og 47 er det foreldrekonferansar eller utviklingssamtalar (kjært barn, mange namn) for 5.-10. i møtetida til lærarane. Då er alle faglærarar òg til stades, slik at de kan få snakka med dei de vil. På småtrinnet blir konferansen 27. november (veke 48).

Litt lenger fram, tysdag 3. desember, blir det som kjent teatertur for 1.-10. klasse for å sjå **Pinocchio** på Rogaland teater. Litt skummelt, men veldig bra teater!

Ha ein god november! Sinnes 30.09.24, Åse-Berit (rektor)